

Saksutredning:

AUKA FINANSIERING AV INTERREG-PROGRAMMA I NORGE 2014-2020

Trykte vedlegg: Auka finansiering av Interreg-programma i Norge 2014-2020

Utrykte vedlegg:

[... Sett inn saksutredningen under denne linja ↓](#)

Samandrag

EU sine Interreg-program fremjar sosial og økonomisk integrasjon og har gjennom deltaking frå norske aktørar vore ein viktig reiskap for regional utvikling på Vestlandet. Gjennom prosjekt- og nettverkssamarbeid får norske aktørar høve til å dele kunnskap og utveksle kompetanse med strategiske viktige partnarar. Frå Vestlandet har det vore særleg stor interesse for å delta i delprogrammet Interreg B Nordsjøprogrammet. Den store interessa frå norske miljø har ført til at dette programmet har blitt «overbelasta», noe som tyder på manglande finansiering. Dette saksframlegget argumenterer for at dei statlege norske midlane til fordeling i Interreg B & C bør aukast for å styrke det strategiske samarbeidet mellom regionene i Europa. For Vestlandet gjeld det i særleg grad for Nordsjøprogrammet.

[... Sett inn saksutredningen over denne linja ↑](#)

Forslag til vedtak:

::: Sett inn innstillingen under denne linja ↓

Vestlandsrådet ber regjeringa om at

- Noreg må auke den norske finansieringa av Interreg B & C programma for perioden 2014 – 2020 for å sikre god oppslutning og handlingsrom for deltakarar frå Vestlandet.
- Noreg må operere med same støtte- og sjølvfinansieringsnivå og med like rammevilkår for norske aktørar som aktørar frå samanliknbare EU-land får frå Europakommisjonen i programområdet for B og C.
- såkalla 20%- område får lettare tilgang til Interreg A midlar, og at både Rogaland og Møre og Romsdal får slik status i dei nye A-programma 2014-20.

::: Sett inn innstillingen over denne linja ↑

Tore Eriksen
Fylkesrådmann

Vestlandsrådet

Dette dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ingen signatur.